

## **Handbok i praktisk hjorteforvaltning**

### **Forord**

Dette er det andre kapittel i prosjektet «Handbok i praktisk hjorteforvaltning». Kapitlet heiter «Kommunale målsetjingar i hjorteforvaltninga». Det første kapitlet om Arealbrukskonfliktar finn du på [hjortesenteret.no](http://hjortesenteret.no).

Formålet med prosjektet er å lage eit praktisk oppslagsverk innan viltforvaltning som kan nyttast til å finne informasjon rundt sentrale delar av jobben til offentleg og private hjorteforvaltarar. Mykje av stoffet i handboka vil vera aktuelt også for elg- og rådyrforvaltning. I dette kapitlet om [Kommunale målsetjingar i hjorteforvaltninga](#) kviler mykje av innhaldet på det enno så aktuelle bokverket Målrettet hjorteforvaltning: betre ressursutnytting av Samdal, Veiberg & Knutsen (2003).

«Handboka» skal formidle fagleg stoff som er relevant i den praktiske kvarldagen til dei som driv forvaltning av hjortebestandar, både i offentlege og privat regi. Viltforvaltninga er ikkje ein eksakt vitskap der det finst *ein* fasit på ei utfordring. Det betyr at tolkingar og erfaringsbasert kunnskap kan spela ei viktig rolle. Difor har kunnskapen og løysingar vi presenterer ein referanse dersom det er basert på faglege arbeid og vi refererer til lover, forskrifter og andre dokument der det er naturleg. Påstandar og forslag utan referansar er difor erfaringsbaserte eller våre tolkingar av summen av faglege studiar og erfaringar.

Det er nytt aktive lenkar i teksten, slik at den interesserte leser enkelt kan klikke seg til relevante forskrifter, lover eller andre arbeid det er vist til.

Når det gjeld kommunen si rolle, ansvar og myndighet i viltforvaltninga samt hjelp til sakshandsaming utover det faglege innhaldet vi presenterer i dette verket, så viser vi til Miljødirektoratet si nettbaserte hjelpeside [miljokommune.no](http://miljokommune.no), for detaljer.

Ferdigproduserte kapittel er tilgjengeleg på Norsk Hjortesenter sine nettsider ([hjortesenteret.no](http://hjortesenteret.no); sjå også oversikt over planlagde kapittel). Målet er å tilpassa det produserte fagstoffet til nett i samråd med sentrale viltmyndigheter. Arbeidet med [Kommunale målsetjingar i hjorteforvaltninga](#) har blitt til med finansiering frå dei regionale viltfonda til Fylkeskommunane i Hordaland, Rogaland, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag samt det statlege viltfondet styrt av Miljødirektoratet. Vi takker for stønaden!

Forfattarane har ei variert bakgrunn frå både praktisk arbeid og forsking innan hjorteforvaltninga:  
*Stein Joar Hegland, Forskingsleiar ved Norsk Hjortesenter (kontaktperson: stein.joar@svanoy.com)*  
*Magnus Frøyen , Viltforvaltar ved Norsk Hjortesenter*

*Vi takkar Kari Bjørneraa ved viltseksjonen i Miljødirektoratet som har kome med innspel til arbeidet.*

#### **Referanse til kapitlet:**

Hegland, S.J. & Frøyen, M. 2015. Kommunale målsetjingar i hjorteforvaltninga (Kap. i Handbok i praktisk hjorteforvaltning, red. S.J. Hegland), publisert på [hjortesenteret.no](http://hjortesenteret.no).



## **Innhold (klikk på linjer for direkte tilgang)**

Forord .....	1
Tabelloversikt .....	2
Kapittel 2. Kommunale målsetjingar i hjorteforvaltninga .....	3
2.1. Kvifor skal vi ha målsetjingar for hjorteforvaltninga? .....	3
2.1.1. Fordi det er lovpålagd.....	3
2.1.2. Fordi det er eit strategisk styringsverktøy.....	3
2.1.3. Fordi det er eit praktisk styringsverktøy .....	4
2.2. Krav til kommunale mål.....	4
2.2.1. Faglege krav.....	4
2.2.2. Juridiske krav .....	4
2.2.3. Demokratiske krav.....	5
2.2.4. Kor omfattande skal arbeidet med målsetjingane vera? .....	5
2.2.5. Målsetjing = hovudmål + delmål .....	6
2.3. Hovudmål og delmål: innhaldet i målsetjingar .....	8
2.3.1. Hovudmål: den visjonære utfordringa .....	8
2.3.2. Delmåla: det konkrete og etterprøvbare .....	8
2.4. Kommunalt viltfond som verktøy for å nå målsetjingar.....	11
2.4.1. Forskrifta gjev rammene for bruken .....	11
2.4.2. Kva nyttast viltfonda til i dag? .....	12
2.4.3. Korleis kan kommunen prioritera innanfor rammene til viltfondet?.....	12
2.5. Avsluttande merknader om mål og planarbeid .....	13
2.5.1. Kva og kvifor om kommunale målsetjingar for hjorteviltforvaltninga .....	13
2.5.2. Kommunale målsetjingar kontra bestandsplanarbeid .....	14
2.5.3. På tvers av kommunegrensene .....	14
2.6. Referansar .....	15

## **Tabelloversikt (klikk for direkte tilgang)**

[Tabell 2.1. Steg i prosessen med kommunalt målarbeid for hjorteforvaltninga](#)

[Tabell 2.2. Dømer på konkretisering av delmål, inkludert tiltak og evaluering](#)

[Boks 2.1: Generelt om ulike delmål under kommunale målsetjingar for bestandsutvikling og hjorteviltforvaltning](#)

[Boks 2.2: Døme på korleis målsetjingar for bruk av viltfondmål kan nyttast for å nå kommunale delmål for hjorteforvaltninga](#)



## Kapittel 2. Kommunale målsetjingar i hjorteforvaltninga

### 2.1. Kvifor skal vi ha målsetjingar for hjorteforvaltninga?

#### 2.1.1. Fordi det er lovpålagd

I forskrift om forvaltning av hjortevilt (*hjorteviltforskrifta*: [lovdata.no](#); les også rundskriv på [miljødirektoratet.no](#)) som er heimla i lov om jakt og fangst av vilt (*viltlova*: [lovdata.no](#)) er målstyringa gjort konkret i § 3 Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr:

«Kommunen skal vedta målsettinger for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e).

Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane»

Andre ledd i paragrafen sikter spesielt til det vi finn både i viltlova og i lov om forvaltning av naturens mangfold (*naturmangfaldlova*: [lovdata.no](#)) som omhandler økologiske prosesser (t.d. hjorteviltartane som eit viktig ledd i økosystemet), naturens produktivitet (t.d. plantemangfaldet) og omsyn til andre samfunnsinteresser (t.d. samferdsle og landbruk). Lovverket gjev det juridiske grunnlaget for å forvalte hjorteviltet og kommunen er den fremste forvaltaren av dette regelverket. Meir om lovar og forskrifter i hjorteviltforvaltninga fins i Miljødirektoratet sitt miljøverktøy [miljokommune.no](#).

Før 2012 hadde mellom 40 og 70 % kommunane i dei tre største hjortefylka på Vestlandet eit kommunalt mål for hjorteforvaltninga (Hegland 2009, 2011, 2012). Etter at desse undersøkingane blei gjennomført har kravet om målsetjing for bestandsutviklinga blitt forankra i hjorteviltforskrifta og mange kommunar har jobba vidare med dette. Undersøkingane ga likevel inntrykk av det vantar ein del i målarbeidet, også fordi mange kommunar ikkje hadde sett klare kriterier for evaluering av målsetjingane sine (Hegland 2012).

#### 2.1.2. Fordi det er eit strategisk styringsverktøy

Mange kommunale sakshandsamarar som jobbar med viltforvalting kan nok føle at det er krevjande å jobbe oppimot mange grunneigarar, og andre interessegrupper, som ofte har sterke meininger og dels motstridande interesser. Dersom ei kommunal målsetjing vert forankra på ein god måte og aktiviserer alt frå den kommunale naturforvaltninga (vilt, landbruk, arealplanlegging), det politiske nivået og til rettshavarar og jegerar kan slike mål bli viktige styringsverktøy. Dette kan gjera arbeidet oppimot dei ulike interessene enklare på sikt.

Det å kunne jobbe mot ein felles horisont der alle har fått ein reell mulegheit til å spela inn kvar ein vil med hjorteviltforvaltninga, kan frigjera mykje tid og ressursar i etterkant. Prosessen kan faktisk vera like viktig som sjølve målet dersom prosessen er open, demokratisk og kunnskapsbasert, med rom for erfaringeskunnskap der det høver.



### **2.1.3. Fordi det er eit praktisk styringsverktøy**

Kommunen forvaltar nokre av dei viktigaste styringsverktøya i viltforvaltninga gjennom fastsetjing av minsteareal, tildeling av fellingsløyver, godkjenning av bestandsplanar, og bruk av kommunale viltfond.

Moderne hjorteviltforvaltning er primært tenkt å skulle utøvast gjennom rettshavarstyrte bestandsplanar. Det overordna kommunale målet skal ligge til grunn for godkjenninga av slike bestandsplanar og for tildeling av løyver utanom bestandsplanar. Utan ei overordna og godt forankra målsetjing er det fare for at forvaltninga kan verte tilfeldig og sprikande.

Viltfondet kan også knytast oppimot det kommunale målet og slik kan ein sikre at dei ressursar kommunen får forvalte gjennom fondet kan bygge oppunder målsetjingane (les meir i [2.4.](#)

[Kommunalt viltfond som verktøy for å nå målsetjingar](#)). Dersom ressursane i viltfondet ikkje strekker til så vil målsetjingar og retningsliner for prioritering av bruken vere til hjelp for kommunen når dei skal handsame søknadar om tilskot.

## **2.2. Krav til kommunale mål**

### **2.2.1. Faglege krav**

Fagleg sett har det gjennom naturmangfaldlova blitt strengare krav til det faglege grunnlaget for vedtak (§ 8. Kunnskapsgrunnlaget):

*«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet. »*

I og med at mange aktørar er involvert i hjorteviltforvaltninga, og at tettheit av hjortedyr kan påverka naturmangfaldet, så bør krava til kunnskapsgrunnlag i kommunale mål for hjorteviltbestandar kunne setjast høgt.

Det er ein solid tradisjon for innsamling av data i norsk hjorteviltforvaltning som skapar eit stort potensial for kunnskapsbasert praksis. Sett hjort, fellingstal, slaktevekter og kjeveinnsamlingar, beitetakseringar, merking av hjort, vårteljing og registrering av hjortepåkøyrslar er viktig som grunnlag for kunnskap og forvaltning (Bjørneraa mfl. 2012). Innsamling av viktige dataseriar, spesielt sett hjort, bør difor bli stimulert også i den kommunale hjorteviltforvaltninga.

### **2.2.2. Juridiske krav**

Regelverket er blitt nemnt som ei av fleire årsaker til at kommunane skal ha målsetjingar for hjorteforvaltninga, og er også viktig i kravspesifikasjonane til måla. Kommunale målsetjingar bør vera i tråd med dei viktigaste lovar og forskrifter som er grunnlag for viltforvaltninga og i samsvar med nasjonale strategiar, men også i kommunale og regionale planar innan vilt, miljø- og arealforvaltning.



Lovar og forskrifter set krav til måla (jf. § 3 Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr):

«.....Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane....»

På denne måten set forskrifta eit minimumskrav om kva ein bør ta omsyn til og kva ein bør ha målsetjingar om. Det kan godt hende ein også bør ta fleire omsyn enn dei som er lista opp i forskrifta, t.d. til naturmangfald eller til næringsinteresser innan jakt, turisme og lokal matproduksjon.

Likevel bør ein vurdera nøye kva målarbeidet bør innehalda og ikkje innehalda. Kommunar kan gjerne ha eigne mål om å stimulera til auka eller betra grunneigarsamarbeid, men ein bør ikkje ha mål eller arbeidsoppgåver for kva vald og bestandplanområde skal gjera då dette er regulert av hjorteviltforskrifta og av privatreftslege avtaler, valdvedteker m.m. På same måte høyrer heller ikkje arbeidsoppgåver for jaktleiar, hundebruk eller jaktutøving innunder kommunale målsetjingar. Nokre kommunar har forsøkt å lage eigne «reglar» innanfor kommunale måldokument/-planar om skadefellingsløyve (regulert av naturmangfaldlova: [lovdata.no](#) og prosedyre er skildra på [miljokommune.no](#)), om pålegg om utsetjing av saltsteinar for å redusera skade på skog eller forbod mot planmessig føring (regulert av § 46 i viltlova: [lovdata.no](#)). Ein kan forstå at kommunen ønsker å styre utviklinga i viltforvaltninga, men kommunane må ta omsyn til nasjonalt lovverk også når ein skal avgrense kommunen si rolle og konkretisera dette gjennom innhaldet i kommunale mål og ev. planar. Kommunen står derimot fritt til å driva fagleg informasjonsarbeid der tema som ikkje er omhandla i kommunale målsetjingar vert behandla på fagkveldar eller i hjorteutval og –viltråd.

### **2.2.3. Demokratiske krav**

Gjennomføring av kommunale mål for bestandsutvikling skjer i praksis gjennom forankring hjå rettshavarar og deira planer, og i ytterste konsekvens gjennom avtrekksfingeren til jegeren. Difor står forankring av kommunale målsetjingar hjå ulike grupper sentralt i arbeidet med målsetjingane.

Med forankring meiner vi ikkje *berre* å senda ut eit kommunalt måldokument eller plan på høyring. Prosessen bør ideelt sett starte opp med god kommunikasjon og diskusjon med rettshavarleddet (t.d. hjorteutval, grunneigarorganisasjonar, jegerorganisasjonar eller gjennom bygdemøter o.l.), i tillegg til god informasjon til politisk nivå (viltnemd, kommunestyre o.l.) i forkant av sjølve arbeidet med måldokumentet. Dersom dette skapar eit godt grunnlag og god deltaking i det vidare arbeidet med målsetjingane, både i grunneigarleddet og på politisk nivå, så vil høyringsprosessen og iverksetjing av dei konkrete måla i etterkant kunne bli meir effektiv.

Ein god framdriftsplan for arbeidet er eit godt utgangspunkt for alt mål- og planarbeid og gjer prosessen oversiktleg for alle involverte partar og er ein måte å sikre god kommunikasjon og unngå misforståingar.

### **2.2.4. Kor omfattande skal arbeidet med målsetjingane vera?**

Nokre kommunar lagar omfattande planar, medan andre går for meir spesifikke og korte måldokument (Hegland 2012). Ein communal hjorteviltplan der ein t.d. trekker inn arealbruk kan vera nødvendig der ein har pressområder med mykje utbygging av industri, vegar eller busetnad,



eller andre motstridande omsyn til bruk av utmarka. Eigen hjorteviltplan kan også vera aktuell i kommunar der det er mykje arealbrukskonfliktar knytt til landbruk eller samferdsle.

Ved å trekke inn arealbruk kan ein sikre at hjorten sitt habitat og trekkruter vert teke omsyn til i også i den generelle arealforvaltninga, og blir ein del av det systematiske arbeidet i kommunane. I praksis kan ein sikre dette ved å inkludere denne kunnskapen i arealdelen av kommuneplanen. Dette er eit viktig, men ofte neglisjert, ansvar for kommunal viltforvaltning. I samband med andre arealbrukskonfliktar så vil fokuset på hjorten sitt områdebruk kunne skape forståing for at hjorten nyttar heile landskapet og for kva løysingar på konfliktane som er finst og er muleg lokalt (sjå [Kapitlet om Arealbrukskonfliktar](#))

Dersom kommunen har lite utbyggingspress i sentrale hjorteområder av kommunen, eller lite motstridande interesser knytt til bruk av utmark, så kan eit meir kortfatta måldokument vera tilstrekkeleg. Fokuset vil då vera mest på faktorane som styrer bestandsutviklinga.

### **2.2.5. Målsetjing = hovudmål + delmål**

Alle kommunale mål bør i prinsippet bestå av hovudmål og delmål. Hovudmåla skal vera langsiktige og gjerne litt visjonære, medan delmåla skal vera konkrete og etterprøvbare (Samdal mfl. 2003). Denne oppdelinga sikrar at måldokumentet eller planen får ein god struktur og at det blir tydeleg kva som er overordna og kva som er konkret. Dette er ein god metode for å få fokus på korleis ein kan fastsetje kriterier for måloppnåing og vel rett evalueringsverktøy ([Tabell 2.1.](#)). I neste del ([2.3. Hovudmål og delmål](#)) går vi djupare inn i kva hovudmål og delmål er og korleis desse bør formulerast for å vera etterprøvbare.

Krava til det kommunale måldokument betyr at ein må starte prosessen med å få god oversikt over noverande kunnskapsgrunnlag og andre krav til kommunale målsetjingar (jf dette kapitlet). Deretter bør ein starte ein god forankningsprosess, arbeide med sjølve målsetjingane. Til slutt må ein konkretisere tiltaka og bestemme korleis effekten av desse skal bli evaluert for å sikre måloppnåinga ([Tabell 2.1.](#)). Grundig arbeid med alle stega i prosessen er nødvendig for at måldokumentet ikkje berre skal verte ein «skrivebordsplan». Når sjølve vedtaket er gjort går startsignalet for å starte med det systematiske arbeidet med å setja måla ut i livet gjennom dei tiltaka som er konkretisert.



**Tabell 2.1. Steg i prosessen med kommunalt målarbeid for hjorteforvaltninga**

Steg i prosessen		Komponenter i prosessen		
<b>1) Forankring og kunnskapsgrunnlag</b>	<b>Lover og forskrifter:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viltlova</li> <li>• Hjorteviltforskrifta</li> <li>• Naturmangfaldlova</li> <li>• Skogbrukslova</li> </ul>	<b>Bestandsstatus:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sett hjort</li> <li>• Fellingstal</li> <li>• Slaktevekter og kjevedata</li> <li>• Vårteljing</li> <li>• Områdebruk</li> </ul>	<b>Andre mål- og plandokument:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunal arealplan</li> <li>• Fylkeskommunal hjorteviltplan</li> <li>• Nabokommunar sine mål</li> </ul>	<b>Rettshavarar og andre interesser:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viltråd/nemnd/-utval</li> <li>• Grunneigarorg.</li> <li>• Jegerorg.</li> <li>• Friluftsliv</li> </ul>
<b>2) Målsetjingar</b>	<b>Hovudmål:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Langsiktig</li> <li>• 5-10 år</li> <li>Overordna</li> <li>• Heile kommunen</li> <li>• Samhandling nabokommunar</li> </ul>	<b>Delmål:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bestandstettheit</li> <li>• Bestandssaman-setning (kjønn, alder og reproduksjon)</li> <li>• Bestandskondisjon</li> <li>• Haustingsmål</li> <li>• Arealbrukskonfliktar</li> <li>• Viltfond</li> </ul>		
<b>3) Tiltak</b>	<b>Løyvetildeling</b>	<b>Godkjenning av bestandplanar</b>	<b>Bruk av viltfond</b>	
<b>4) Evaluering</b>	<b>Sett hjort</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sett hjort per jegerdagsverk</li> <li>• Kolle per bukk</li> <li>• Kalv per kolle</li> <li>• Spissbukk per bukk</li> <li>• Jaktrykksindeksar</li> </ul>	<b>Fellingstal:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fellingsprosent</li> <li>• Tal og fordeling</li> </ul>	<b>Jaktmateriale:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Slaktevekter</li> <li>• Kjevedata</li> </ul>	<b>Områdebruk:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Merka hjort</li> <li>• Påkøyrslar</li> <li>• Viltkart</li> <li>• Beitetaksering</li> <li>• Skadeomfang</li> <li>• Vårteljing</li> </ul>

Etter 3 til 5 år, når tiltaka i måldokumentet har fått verke ei stund, så bør ein gjennomføre evalueringa som er konkretisert i måldokumentet. Dette er ein svært viktig del av målarbeidet. For det første så gjev evalueringa oversikt over kva ein har oppnådd, kvar ein har hatt lite endring, og kva som har gått i motsett retning av måla ein sette seg. For det andre skapar denne evalueringa grunnlaget for neste målperiode og vil gjera at prosessen ([Tabell 2.1.](#)) med det kommunale målarbeidet vil bli meir effektivt i neste runde.



## 2.3. Hovudmål og delmål: innhaldet i målsetjingar

### 2.3.1. Hovudmål: den visjonære utfordringa

Hovudmåla er noko den kommunale viltforvaltninga skal strekke seg etter, og kan gjerne ha eit visjonært og langsiktig preg. Hovudmålet kan innehalda formuleringar som «sunn hjortebestand», «reduserte arealbrukskonfliktar med samferdsle og landbruk», «god utnytting av viltressursen til rekreasjon, lokalmat og anna næring», «gode samarbeidsvilkår mellom grunneigarane og mellom kommunen og grunneigarleddet» og mange fleire mulege målsetjingar, avhengig av kva kommunen og aktørane ønskjer. Det som er fellesnemnaren for desse måla er at dei er overordna, at dei er vanskeleg å evaluera direkte, men at dei gjev ei retning for kor ein vil med hjorteforvaltninga på lang sikt.

Dersom kommunestyret til slutt vedtek ein plan der omsyna til fleire aktørar er bakt inn i hovudmåla er det meir sannsynleg at ein får med seg aktørane å jobbe i mot eit felles mål. Dersom ein først og fremst har fokus på hjorten som ei plage for landbruk og samferdsle som må reduserast, *eller* som ei einsidig glede for rettshavarar, jegerar og naturelskarar så er det kanskje vanskelegare å få alle med på laget.

Dersom ein set seg mål for ein normal planperiode på 3-5 år så vil noko av innhaldet i hovudmålet måtte gjelde for ein lenger periode enn denne. Har ein, til dømes, ei stamme som er i relativt dårlig kondisjon gjennom for høge tettheiter eller skeiv kjønnsfordeling over lengre tid, så må ein jobbe aktivt med dette over fleire periodar. Delmåla vil då målbære kva ein ønskjer å oppnå på dette i løpet av perioden og vil gjera evalueringa tydeleg.

### 2.3.2. Delmåla: det konkrete og etterprøvbare

Delmåla er dei kortsiktige og konkretiserte måla basert på hovudmåla. Delmåla bør som eit minimum innehalde ei framstilling av kor ein vil med dei viktigaste komponentar av bestandsutvikling: bestandstetheit, bestandssamansetning, og bestandskondisjon (inkl. reproduksjon/produktivitet; sjå [Boks 2.1](#)), jf. § 3 i hjorteviltforskrifta ([lovdata.no](#)). I tillegg kan ein ha delmål som tydeleggjer andre område ein har med i hovudmålet. Delmåla kan vera styringsverktøy for kommunen ved godkjenning av bestandsplanar, fastsetjing av minsteareal, tildeling av fellingsløyver og bruk av viltfondet innanfor dei rammene som regelverket gjev.

[Boks 2.1](#) gjev ei oversikt over dei delmåla vi vurderer at eit kommunalt måldokument bør innehalde for å balansere ulike omsyn i viltforvaltninga. I [Tabell 2.2](#), har vi prøvd å gje dømer på konkrete delmål og vurdert kva for tiltak som passar til delmåla, kva for evaluatingsverktøy som er mest aktuelle og kva evaluatingskriterium kommunen kan nyte for å evaluera målarbeidet etter perioden. Dette kan vera eit utgangspunkt for kommunen sitt eige målarbeid. Det er viktig å hugse at det lokale utgangspunktet, korleis bestanden er samansett, om den er i vekst eller reduksjon, rettshavarar og andre interesser sitt syn, og ei mengd andre faktorar må tas omsyn til når ein skal konkretisera delmål og tiltak lokalt.



**Boks 2.1: Generelt om ulike delmål under kommunale målsetjingar for bestandsutvikling og hjorteviltforvaltning**

**Bestandstetttheit:** konkretisering av om ein ønskjer å stabilisera, redusera eller auka tettleiken av hjort i kommunen, med eventuelle ulike bestandstettheitar i ulike delar av kommunen.

**Bestandsamansetning:** her kan ein ta med korleis ein ønskjer utviklinga for alders- og kjønnssamansetninga til bestanden; t.d. auka alderen blant vaksne dyr, jamnare kjønnsforhold m.m.

**Bestandskondisjon:** spesifisering av korleis ein vil at kondisjonen og reproduksjonen til dyra skal utvikle seg. Vil ofte vera ein funksjon av samansetning og tettheit.

**Haustingsmål:** Dette målet må naturleg sett knytast oppimot dei delmåla ein har på bestandsutviklinga. Haustingsmålet kan auke, vera stabilt eller bli redusert avhengig av desse delmåla.

**Arealbrukskonfliktar:** for kommunen sin del vil slike målsetjingar ofte vera knytt til landbruk, men kan også involvere samferdsle (då også i arealplanarbeid), hjort i hagar etc (Les meir i Kapittel om [Arealbrukskonfliktar](#)).

**Mål for bruk av kommunalt viltfond:** her kan ein omtale korleis ein vil prioritere bruken av fondet for å realisera andre målsettingar når det gjeld utviklinga av hjortebestandane . Dette må gjerast innanfor rammene til forskriftera (les meir om dette [2.4. Kommunalt viltfond som verktøy for å nå målsetjingar](#))

Ved evaluering generelt, t.d. ved bruk av sett hjort, fellingtal og vårteljing, må ein ta innover seg at presisjonen til tal og indeksar kan svinga mellom år (Solberg mfl. 2014). Dette kan kome av heilt andre årsaker enn dei tiltaka forvaltninga har satt inn, t.d. gjennom værforhold, jegeråtfred, eller at registreringane er upresise. Bruk av eitt år er difor aldri gyldig som referanse. Vi føreslår at ein tommefingerregel kan vera å ha 3-5 år som referanse (t.d. gjennomsnittet) og utviklinga over 3-5 år før vi kan evaluera måloppnåing ved hjelp av desse indeksane. Dette vil jo samsvare med den typiske mål eller planperiode. I tillegg bør ein ha klart for seg kva svakheitene til dataseriane er. Ei døme på konkretisering av evaluatingskriterium er at sett-hjort per jegerdagsverk for 2016-2018 skal vera om lag lik den for 2013-2015 dersom ein ønskjer ei stabilisering av bestanden. (Meir om bruk av sett hjort og andre indeksar er planlagt som eigen del av handboka, sjå [hjortesenteret.no](#) og les meir om slike verktøy i Bjørneraa mfl. (2012)).



**Tabell 2.2. Dømer på konkretisering av delmål, inkludert tiltak og evaluering**

<b>Delmål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Evalueringsverktøy</b>	<b>Evalueringeskriterium<sup>1</sup></b>
<i>Bestandstettheiten skal reduserast</i>	Auka tildeling <sup>2</sup>	Sett-hjort	→ Redusert sett hjort per jegerdag/time → Auka felt av sett <sup>3</sup> → Auka fellingsprosent (ved stabil tildeling)
		Fellingstall	
<i>Bestandstettheiten skal stabiliserast</i>	Høg andel kalv og ungdyr i tildelinga	Sett-hjort <sup>4</sup>	→ Stabil sett hjort per jegerdagsverk/time → Auka felt av sett kalv
<i>Bukkeandelen skal aukast</i>	Redusera tildeling av hanndyr	Sett-hjort	→ Redusert sett kolle per bukk → Redusert «jakttrykk» på bukk
		Vårteljing	→ Auka andel bukk i vårteljingsmateriale
<i>Auka gjennomsnittsalder i bestanden</i>	Auka andel av kalv og ungdyr i tildelinga	Sett-hjort	→ Redusert sett spissbukk per bukk
		Fellingstal	→ Auka andel unge dyr i uttaket
		Kjeveinnsamling	→ Auka aldersgj.snitt
<i>Oppretthalde produktiviteten i bestanden</i>	Høg andel kalv og ungdyr i tildelinga	Sett-hjort	→ Stabil sett kalv per kolle <sup>5</sup>
<i>Bestandskondisjonen skal betrast</i>	Høg tildeling av kalv og ungdyr <sup>6</sup>	Slaktevekter og anna jaktmateriale (ev. Overvakningsprogram)	→ Auka gjennomsnittlege slaktevekter for kalv og ungdyr (på lang sikt) → Auke kjevelengder per kategori
		Fellingstal	→ Auka andel unge dyr i uttaket
<i>Redusera arealbrukskonflikter mellom hjort og landbruksnæring</i>	Auka bruk av viltfondet til avbøtande tiltak	Skadeomfang før og etter tiltak	→ Reduksjon i rapportert skadeomfang for avling → Beitetaksering
	Auka tildeling i problemområder <sup>7</sup>	Fellingstal	→ Auka uttak i problemområde

Noter: 1) Evalueringeskriterium: kommunen kan ev. spesifisera ei prosentvis endring for perioden, men ein bør vera varsam og forstå at ei 20 % endring i sett hjort per jegerdagsverk er ikkje nødvendigvis er lik 20 % endring i bestandstettheit.

2) Begrepet tildeling er her brukt både for dei med og utan bestandsplan; 3) Felt av sett per kategori blir også kalla «jakttrykk»; 4) Ved mål om stabilisering kan ein også nytte fellingsprosenten som verktøy, men ved bestand i vekst så betyr ikke stabil fellingsprosent at resultatet er stabil bestandstettheit, men fortsatt vekst. 5) Ofte ligg denne indeksen på fylkesnivå mellom 0.6 og 0.7 (sjå [hjorteviltregisteret.no](#) for din kommune og region); 6) Ved tettheitsavhengige effektar på



kondisjonen vil auka totaluttak vera eit tiltak i tillegg til ein høg andel kalv og ungdyr i uttaket . 7) Bestandsregulering skal gjerast gjennom ordinær jakt og «skadefellingsløyve» skal berre nyttast unntaksvis og i særskilde høve ([Lovdata.no](#)). Det kan såleis ikkje reknast som eit verkemiddel for å løye slike problem knytt til bestandsstorleik. Generell merknad) Eit eige kapittel vil omhandle bruk av dataseriar og avskytingsstrategiar der mange av tiltak-evalueringane i denne tabellen vil bli nøyare omhandla, følg med på [Hjortesenteret.no](#).

---

## 2.4. Kommunalt viltfond som verktøy for å nå målsetjingar

### 2.4.1. Forskrifta gjev rammene for bruken

Dei kommunale viltfonda er i hovudsak finansiert av fellingsavgifta frå elg og hjort og representerer eit viktig styringsverktøy for kommunal hjorteviltforvaltning. Kommunen forvaltar her eit rettshavarfinansiert fond som skal kome viltforvaltninga til gode. Forskrift om kommunale viltfond fortel kva midlane i fondet kan nyttast til (les heile forskriftena på [Lovdata.no](#)):

«Formålet med kommunale viltfond er å skape økonomisk bakgrunn for å fremme viltforvaltningen i kommunen ....»

Fondet skal nyttast til aktivitetar som har ei klar tilknyting til viltforvaltninga. § 5, ledd a:

«Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjoner, enkeltpersoner eller kommunen selv.»

Forskrifta tilseier altså at det kan gis pengar til forvaltnings- og forskingsprosjekt som har ein lokal eller regional karakter og gjev betre forvaltning (t.d. organisering) eller meir kunnskap om viltet. Ressursar kan også tilbakeførast til grunneigarleddet, t.d. til utarbeiding og gjennomføring av bestandsplanar. Dette blir i dag praktisert mange stader, men blir enno meir aktuelt dersom arealet som kvar bestandsplan omfattar vil auke. Dette vil då krevje ei meir «profesjonell» handtering av dette frå grunneigarsida, stimulert frå kommunen, enn ein i dag har mange stader. Kompetanseheving blant grunneigarar og jegerar kan også vera eit muleg bruksområde for fondet, t.d. ulike kurs og faglege samlingar.

Hjorteviltet sitt bruk av landskapet kan kome i konflikt med samfunns- eller næringsinteresser og ressursbruk inn mot handtering og avbøting av slike arealbrukskonfliktar står difor sentralt i forskriftena. Dette gjeld først og fremst handtering av fallvilt og avbøtande tiltak mot beiteskader i landbruket, jf. § 5 a:

«Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.  
Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.».

Fallvildelen i forskriftena handlar i praksis mange stader om å halde ei vakt- og utrykkingsordning for å kunne handtere ettersøk av påkøyrt hjortevilt, og ein betydeleg del av den årlege inntekta til fondet går ofte til slike ordningar, gjerne i regi av ettersøksringar, der ein har høgt trafikkvolum.



Beiteskader på frukt og bærdyrking kan gje store økonomiske og midlar frå fondet kan difor nyttast til avbøtande tiltak ved både eksisterande plantingar og ved nyetableringar innan hagebruk. Innan hagebruk er det i praksis inngjerding som gjeld. Inngjerding av andre landbruksproduksjonar som grønsaker eller slåttemark kan også vere aktuelt når beiteskade frå hjort medfører betydeleg økonomisk tap (Les meir i [Kapittel om Arealbrukskonfliktar](#)).

Når kommunale viltfond støttar slike avbøtande tiltak er det viktig å stilla kvalitetskrav, t.d. at ein nyttar rett dimensjonerte stolper og gjerder (sjå t.d. Veiberg 1998) og at kommunen fører kvalitetskontroll på lik linje med andre kommunale tilskot. Eit konkret budsjett, der ein innhentar tilbod på materialar og oppsetjing av gjerde, ligge til grunn for kvar søknad til viltfondet på lik linje med søknad om andre offentlege midlar. Norsk Hjortesenter rekna materialkostnader per løpemeter viltgjerde på slutten av 1990-talet til å vera ca. 37 kr (Veiberg 1998), men reviderte utrekningar tilseier at prisen no er minst 100 kr per løpemeter (pers. komm. Johan Trygve Solheim, Norsk Hjortesenter). For utrekning av eigeninnsats fins det dømer på standardiserte timesatsar som ein kan nytte som utgangspunkt for budsjettering.

Det er også spesifisert kva kommunale viltfond *ikkje* kan nyttast til, til dømes kan ikkje kommunen dekke eigne utgifter knytt til viltforvaltninga gjennom dette fondet, i § 5, ledd b (les heile forskrifta på [Lovdata.no](#)):

«*Kommunal og fylkeskommunal administrasjon av viltforvaltningen (faste utgifter til lønn, møtegodtgjørelser, reiser mv.)*  
Å erstatte skader voldt av vilt  
Skuddpremier.»

#### **2.4.2. Kva nyttast viltfonda til i dag?**

Prosjektet Status og utfordringar for hjorteforvaltninga på Vestlandet (2009-2012) i regi av Norsk Hjortesenter (du finn rapportane på [hjortesenteret.no](#)) ga ei oversikt over kva hjortekommunar nyttar midlane til. I alle dei tre største hjortefylka så var midlane dei siste åra i hovudsak vore prioritert til ettersøk av skada vilt, til merkeprosjekt eller til organiséringsarbeid på rettshavarnivå (Hegland 2009, 2011, 2012). I mindre grad vart midlane brukt til, til dømes, førebyggande tiltak mot landbruksskadar. Desse undersøkingane vitnar om at bruken av fondet har vore til fordel for nokre område framfor andre. Prioriteringar som dette er nok ikkje alltid forankra i klare målsetjingar då berre halvparten av kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland styrte bruken av fondet ved hjelp av definerte kommunale retningsliner (Hegland 2011, 2012).

#### **2.4.3. Korleis kan kommunen prioritera innanfor rammene til viltfondet?**

Ei eige målsetjing for bruken av viltfondet, med eit eller fleire punkt som fell innunder formålet med fondet, kan t.d. knytast til det kommunale måldokumentet (sjå [Boks 2.2](#) for nokre dømer). Ei slik målsetjing kan vera med å aktivisera både politisk nivå, den kommunale naturforvaltninga og rettshavarsegmentet til aktivitet rundt ei målretta bruk av midlane i samsvar med kommunale mål. Dette kan altså vera ein god måte å operasjonalisera delmåla i det kommunale plandokumentet.



Dersom ressursane i viltfondet ikkje strekker til så vil retningsliner med prioritering av bruken vere til hjelp for kommunen når dei skal handsame søknadane om tilskot. Vi har laga nokre dømer på korleis målsetjingar for bruk av viltfondet kan knytast til tenkte kommunal mål ([Boks 2.1](#)). Dette kan fungera som eit utgangspunkt for kommunane når ein skal arbeide med eigne målsetjingar.

**Boks 2.2.: Døme på korleis målsetjingar for bruk av viltfondmål kan nyttast for å nå kommunale delmål for hjorteforvaltninga**

**Døme 1. Organisering**

*Kommunalt delmål:* Kommunen skal betre organiseringa av hjorteviltforvaltninga, t.d. gjennom å stimulera til grunneigarsamarbeid.

*Mål for viltfond:* Kommunen vil prioritera bruk av midlar til å betre organisering av hjorteviltforvaltninga gjennom stønad til arbeidet med bestandsplanarbeid.

**Døme 2. Beiteskadar**

*Kommunalt delmål:* Kommunen skal arbeide for å redusera beiteskader frå hjortevilt på landbruksnæringa.

*Mål for viltfond:* Kommunen vil prioritera bruk av viltfondet for å dekke materialkostnadene/prosentsatsen av totalkostnad til viltgjerder som vernar produksjonar og minskar arealbrukskonfliktar.

**Døme 3. Fagleg kvalitet**

*Kommunalt delmål:* Kommunen ønskjer å heva kompetansen blant rettshavarar og jegerar for å kunne spela ei aktiv rolle i hjorteforvaltninga og for å kunne utnytte hjorteressursen i næringsverksem (t.d. turisme eller lokalmat).

*Mål for viltfond:* Kommunen vil prioritera bruk av viltfondet for å dekke kostnadene til kompetansegevande verksem for jaktrettshavarar og andre som bidreg i den lokale hjorteviltforvaltninga.

## 2.5. Avsluttande merknader om mål og planarbeid

### 2.5.1. Kva og kvifor om kommunale målsetjingar for hjorteviltforvaltninga

Kommunale målsetjingar for hjorteforvaltninga skal vera med å gje styringssignal for den kommunale sakhandsamaren og for bestandsplanarbeidet. Målsetjingane skal såleis fungere som eit sett med langsigte og overordna retningslinene for korleis kommunen og kommunen sine innbyggjarar ynskjer utviklinga i hjortebestandane og hjorteforvaltninga.

Målsetjingane skal både vera visjonære ([hovudmål](#)) og mest mogleg etterprøvbare ([delmål](#)), og ein må difor ha nok kunnskap til både å fastsetje og evaluere måla. Når ein i tillegg skal sikre forankring, spesielt mot rettshavar og jegersida, så forstår ein at slikt målarbeid ikkje er gjort i ein fei, men krev målretta arbeid frå kommunen si side. Det betyr at sakhandsamar som har viltforvaltning som eit av fleire arbeidsfelt må få god støtte av kommunens administrasjon og involvera viltinteresser og



organisasjonar. Vi har illustrert målarbeidet i [Tabell 2.1.](#), og vi har presentert døme på delmål i [Tabell 2.2.](#); begge kan fungera som utgangspunkt for å strukturere arbeidet lokalt.

### **2.5.2. Kommunale målsetjingar kontra bestandsplanarbeid**

I dagens forvaltning av hjorteviltet er bestandsplanarbeidet særskilt viktig. Dei kommunale målsetjingane skal stå sentralt ved godkjenning av bestandsplanar. Det er viktig å unngå at planar vert underkjent då dette skapar unødvendig arbeid for både rettshavarsida og kommunen sin del. Ved eit bevisst forhold til korleis ein forankrar og formidlar dei kommunale målsetjingane og ved å ha ein aktiv dialog med bestandsplanområda vil ein kunne unngå mykje ekstraarbeid og frustrasjon.

Ein del vald vil kunne velje å stå utanfor bestandsplansamarbeid. Dersom kommunen har godkjent bestandsplan i eit område så bør denne bestandsplanen leggje føringar for tildelinga til valda som ikkje er med i samarbeidet. Det bør ikkje løne seg å stå utanfor slikt samarbeid. Tildelinga til slike vald bør difor, som ein tommelfingerregel, ikkje vera større enn den gjennomsnittlege tildelinga til bestandsplanområdet. Dette er ein god måte å sikre at grunneigarinitiativa i bestandsplanområda blir vedvarande.

### **2.5.3. På tvers av kommunegrensene**

I dette kapitlet er kommune ofte blitt omtala i eintal, men i tråd med aukande areal for bestandsplanar så vil godkjenning av planar i aukande grad også måtte skje gjennom interkommunalt samarbeid. Dette betyr i praksis at ein bør vurdera nøyne å samkøyra prosesser med målarbeid på tvers av kommunegrensene. Mange stadar har ein interkommunale landbrukskontor o.l. og desse ordningane er eit godt utgangspunkt for å tenke «stort nok» i hjorteforvaltninga. God dialog mellom kommunar i mellom er uansett eit premiss for å lukkast med å forvalte dyreartar som nyttar store areal. Det er godt kjent gjennom ulike merkeprosjekt at hjorten oftast har eigne sommar og vinterområder og nyttar store område i gjennom året (Mysterud mfl. 2011).

Fylkeskommunen spelar ei viktig rolle for å sikre samarbeid på tvers av kommunegrensene. For det første, i form av rådgjevarfunksjonen fordi dei har erfaring og kompetanse med planlegging på regionsnivå. For det andre, fordi Fylkeskommunen også kan påleggje kommunar å samarbeide på tvers av kommunegrensene om den ser det som naudsynt for å ivareta viktige bestandsmessige eller samfunnsmessige interesser (jf. Hjorteviltforskrifta §4: [lovdata.no](#) ).

Ved utforming av måldokument, eventuelt plan, så er det viktig å tenke på at den skal kommunisera med brukarane, alt frå politikarar til rettshavarar. Då er det viktig at dokumentet er lettles og lesverdig og at det har ein god og logisk struktur, jf. delmål, tiltak og [Tabell 2.2.](#). Bruk gjerne nokon til å lese kritisk gjennom dokumentet før den skal vedtas så unngår ein kanskje at dokumentet blir gjenstand for unødvendig kritikk. Lukke til!



## 2.6. Referansar

- Bjørneraaas, K., E. J. Solberg, og V. Veiberg. 2012. Forvaltningsverktøy. Pages 204-218 i K. Bjørneraaas, editor. Klauvvilt i norsk natur: historie, biologi og forvaltning. Akademika Forlag, Trondheim.
- Hegland, S. J. 2009. Kommunal hjorteviltforvaltning i Møre og Romsdal: status og utfordringar. Norsk Hjortesenter Svanøy.
- Hegland, S. J. 2011. Kommunal hjorteviltforvaltning i Sogn & Fjordane: status og utfordringar. Norsk Hjortesenter, Sogndal/Svanøy.
- Hegland, S. J. 2012. Kommunal hjorteviltforvalting i Hordaland: status og utfordringar. Norsk Hjortesenter, Svanøy/Sogndal.
- Mysterud, A., L. E. Loe, E. L. Meisingset, B. Zimmermann, A. Hjeltnes, V. Veiberg, I. M. Rivrud, S. Skonhoft, J. O. Olaussen, O. Andersen, R. Bischof, C. Bonenfant, Ø. Brekkum, R. Langvatn, H. Flatjord, I. Syrstad, A. A., og V. Holthe. 2011. Hjorten i det norske kulturlandskapet: arealbruk, bærekraft og næring., Biologisk Institutt, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Samdal, B., V. Veiberg, og S. Knutsen. 2003. Målrettet hjorteforvaltning: bedre ressursutnytting. Landbruksforlaget, Oslo.
- Solberg, E. J., V. Veiberg, C. M. Rolansen, M. Ueno, E. B. Nilsen, L. E. Gangsei, M. Stenbrenden, og L. E. Libjå. 2014. Sett elg- og sett hjort overvåkingen: styrke og forbedringspotensial. NINA, Trondheim.
- Veiberg, V. 1998. Permanente hjortegjerde: Vurdering av alternative løysingar, kostnader og inntening. Norsk Hjortesenter, Svanøy.

